

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.11.2020

Alexsander Fosse Andersen (SP) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS. Andersen gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes at Alexander Fosse Andersen var inhabil etter forvaltningslova § 6 1. ledd bokstav e.

Alexander Fosse Andersen gjekk frå under handsaminga av saka.
Jacob Bjelland, SP, var vara for Alexander Fosse Andersen under handsaming av saka.

Pauline Tomren, MDG, sette på vegner av MDG, A, SP, SV og KrF fram slikt forslag:

«Utvalet viser til vedtak i hovudutval for næring og utset saka.»

Rosalind Fosse, FrP, sette fram slikt forslag:

«Vestland fylkeskommune løyver 4 mill kr til innhaldsutvikling i ViteMeir på Kaupanger, og legg til grunn eit driftstilskot på 1 mill kr pr år frå 2021 slik at ein oppfyller det statlege kravet om 20% driftsfinansiering frå kommunar og fylkeskommunen.

Kostnaden vert innarbeidd i Budsjett 2021/Økonomiplan 2021-24 for Vestland fylkeskommune.»

Avrøysting (til utsetjing)

Tomren sitt forslag fekk 15 røyster og vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Saka vart utsett i hovudutval for opplæring og kompetanse og vert difor ikkje handsama i fylkesutvalet.